



- Kor kan eg treffa sjefen for matte-dagane Odd Steinar Arnesen?
 - Akkurat no er han ute og kastar pilar!
 Dette vart sagt på skulen i føremiddag, i samband med at det er mattedagar i to dagar for dei 4 lågaste klassane, Og klarare kan det ikkje illustrerast at matte er så mangt og slett ikkje berre nokre trøtte timar i klasseommet.

Gruppa som Odd Steinar hadde ansvaret for var ivrig engasjert i dart og bokskast og dei opplevde dermed at også faget matte kan vera gøy!

- Det er viktig å la tala få liv. Også når ein kastar dart må ein halda orden på pluss og minus, sa Odd Steinar og innprenta elevane at dei måtte hugsa kor mange poeng dei fekk.

- Vi har hatt mattedagar i mange år men det er litt variasjon mellom dei klassane vi plukkar ut. Dette året er det altså dei lågaste medan dei 6 høgaste har ordinær undervisning, fortalde Odd Steinar

På biletet over er gruppa vi møtte klare til dart og frå venstre står Åsne Hjelmeland Arnesen, Redon Musliu, Elene Myklebust, Niklas Lakselv og Jostein Soldal.

Under er gruppa klar til å fella boksane!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

